



Bygland kommune

Driftseining Plan og Ressurs

Landbruks- og matdepartementet

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2005 01215	Doknr.: 41
Mottatt: 26 SEPT 2005	
Saksbeh.: ASR/ASRL/IEK	Ark.: 482
Kopi:	Avskr.:

Vår ref:
2005/402 -0

Sakshandsamar:
Trude Engesland, ☎ 37 93 47 55

Arkivkode:
V70

Dato:
22.09.2005

Høyringsuttale

Syner til brev med vedlagt høyringsutkast. Plan- og ressursutvalet i Bygland kommune fatta fylgjande vedtak 20.09.05:

Plan og ressursutvalet i Bygland kommune har handsama framlegg til forskrift om berekraftig skogbruk.

Det er positivt at det er kome strengare krav til forynging etter hogst. Avgjersla på om eit bestand er tilfredstillande forynga burde likevel vore meir ei fagleg vurdering i kvart enkelt tilfelle, enn ei vurdering ut frå ein absolutt tabell.

Bygland kommune ser at det kan bli eit problem for skogoppsynet å handheve lova på grunn av ressursar på kommunalt nivå. For at kommunen skal kunne ta dette ansvaret må Departementet løyve midlar til å gjennomføre desse oppgåvene. Ein bed om at dette blir vurderer før forskrifta vert endeleg vedteken.

Saksframlegget ligg vedlagt.

Med helsing

Trude Engesland
Trude Engesland
Tenesteleiar



Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
	Plan- og ressursutvalet	

Høyringsuttale - forskrift om berekraftig skogbruk

Rådmannen si innstilling:

Plan og ressursutvalet i Bygland kommune har handsama framlegg til forskrift om berekraftig skogbruk.

Det er positivt at det er kome strengare krav til forynging etter hogst. Avgjersla på om eit bestand er tilfredstillande forynga burde likevel vore meir ei fagleg vurdering i kvart einskilt tilfelle, enn ei vurdering ut frå ein absolutt tabell.

Bygland kommune ser at det kan bli eit problem for skogoppsynet å handheve lova på grunn av ressursar på kommunalt nivå. For at kommunen skal kunne ta dette ansvaret må Departementet løyve midlar til å gjennomføre desse oppgåvene. Ein bed om at dette blir vurderer før forskrifta vert endeleg vedteken.

Saksprotokoll i Plan- og ressursutvalet - 20.09.2005

Handsaming:

Plan- og ressursutvalet sluttar seg samrøystes til innstillinga frå rådmannen.

Vedtak:

Plan og ressursutvalet i Bygland kommune har handsama framlegg til forskrift om berekraftig skogbruk.

Det er positivt at det er kome strengare krav til forynging etter hogst. Avgjersla på om eit bestand er tilfredstillande forynga burde likevel vore meir ei fagleg vurdering i kvart einskilt tilfelle, enn ei vurdering ut frå ein absolutt tabell.

Bygland kommune ser at det kan bli eit problem for skogoppsynet å handheve lova på grunn av ressursar på kommunalt nivå. For at kommunen skal kunne ta dette ansvaret må Departementet løyve midlar til å gjennomføre desse oppgåvene. Ein bed om at dette blir vurderer før forskrifta vert endeleg vedteken.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Det ligg føre høyringsbrev som gjeld framlegg til ny forskrift om berekraftig skogbruk. I den nyleg vedtekne reviderte skoglova er det heimel for at departementet kan utarbeide meir detaljerte miljøforskrifter for skogbruket i tillegg til dei meir generelle retningslinjene i sjølve lova. Det har vore motstand mot ei slik forskrift i skogeigarsamvirket og i kommunane. Likevel vart det bestemt at det skulle lagast ei slik forskrift og det er denne som nå ligg føre som *Forskrift om berekraftig skogbruk*. Departementet tek sikte på at forskrifta skal utfylle ”Levende skog”, som er skogbruket sitt eige sertifiseringssystem.

Forskrifta inneheld krav til miljøomsyn og om forynging av skog. Forskrifta som nå er ute til høyring inneheld 5 kapittel og 19 paragrafar. Høyringsfristen til departementet er 4. okt. 05.

Forskrifta inneheld detaljerte krav på desse områda:

Miljøomsyn

I utkastet er det føresegner om krav til miljødokumentasjon, miljøregisteringar, føresegner knytt til hogst, skogreising, skifte av treslag og bruk av utanlandske treslag. Det er ein føresetnaden at føresegnene ikkje skal gje meir byråkrati og svekke dei frivillige ordningane knytt til MiS-metoden for sertifisering.

Tilfredstillande forynging etter hogst

Det ligg krav om detaljerte minstegrenser for forynging etter hogst i forskrifta. Dette er nytt i høve til tidlegare offentleg lovverk. Dersom skogoppsynet finn at dei absolutt nedre grensene for forynging ikkje er oppfylde, er det heimel for tiltak mot skogeigar.

Tiltak mot skadar på skog

Forskriftene er i hovudsak i samsvar med gjeldande reglar for å forhindre m.a. insektskader på skog. Ein legg opp til at det bare er i område med stor fare for insektsverming at ein får heimel for omfattande tiltak.

Definisjon av fagtermar

Høyringa etterlyser om det er behov for ei eiga føresegn som definerer spesielle fagtermar for skogbruk som vert nytta i forskrifta.

Formelt grunnlag

Høyringsutkast – Forskrift om berekraftig skogbruk.

Vurderingar og konsekvensar

Det ein ser som dei viktigaste endringane frå gjeldande lovverk er innføring av konkrete miljøkrav og plikt til forynging av skog med tidsfrist og konkrete krav til tetthet.

Dei viktigaste miljøomsyna som er lista opp i forskrifta er:

- Hogst kan bare skje der det er gjennomført miljøregistrering
- Forbod mot å legge att kvist og hogstavfall i mye brukte løyper
- Køyreskadar skal utbetrast snarast råd etter hogst
- Påbod om gjensetting av minimum 5 livsløpstre per hektar ved hogst
- Lukka hogstar skal brukast der det biologisk, økonomisk og teknisk ligg til rette for det.
- Påbod om gjensetting av kantsonar mot vatn, vassdrag og anna mark

- Forbod mot å legge att kvist og hogstavfall i vatn, vassdrag og på islagt vatn
- Forbod mot nygrøfting av myr og sumpskog
- Bruk av utanlandske treslag kan bare skje etter godkjenning frå kommunen

Etter den nye forskrifta vil det vere ein tidsfrist på 3 år etter hogst til å syte for at arealet er forynga eller at det er lagt til rette for forynging. Etter søknad kan kommunen utsette fristen til 5 år etter hogst dersom klimatiske forhold tilseier det. Forskrifta har konkrete tal i form av ein tabell som syner kva som er minimumskrav til plantetal på dei ulike bonitetane.

Dei foreslåtte miljøomsyna i forskrifta tilsvarar i all hovudsak krava som skogeigarsamvirket er sertifisert etter i dag. Forskjellen vil derfor vere liten for skogeigarar som er medlem i samvirket. Forskjellen vil ligge i kva som blir konsekvensen ved brot på reglane.

Bygland, 22.09.2005

Rådmann

Vedlegg:

Høyringsbrev

Forskrift om berekraftig skogbruk

Kopi av artikkel i Norsk Skogbruk nr 7/8-2005

Melding om vedtak sendast:

Landbruks- og matdepartementet